

Branntroppen berge - førebels

03.12.2009



Sindre Eidsvik og Kjell Tungesvik håpar at branntroppen ikkje blir lagt ned. (Foto: Torfinn Myklebust)

Branntroppane i Uskedalen og på Halsnøy er berga – i alle fall førebels. Fleirtalskoalisjonen i kommunestyret varsla under budsjetthandsaminga i formannskapet torsdag føremiddag at dei gjekk inn for å legga inn att 250.000 kroner til dette føremålet – ein sum som rådmannen hadde stroke i sitt budsjettframlegg.

Men føresetnaden er at rådmannen seinere legg fram ei eiga sak om den totale brannberedskapen i kommunen. Også mindretalskoalisjonen hadde lagt inn pengar til branntroppane i sitt budsjettforslag.



Torfinn Myklebust og Knut Prestnes i formannskapet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torfinn Myklebust (IP) sa i formannskapet at det er mange gode argument for ikkje å legga ned branntroppen i vår bygd og han streka under at ein i alle fall ikkje må svekka brannvernet totalt sett.

Til uskedalen.no seier han seg nøgd med vedtaket som no vart fatta, men legg til at rekkefølgja burde ha vore den omvendte, med ei eiga sak først om branneredskapen og budsjettetthandsaming etterpå.

Myklebust viste til og støtta eit skriv som låg på formannskapsmedlemmene sitt bord frå dagleg leiar Svein Arne Eidsvik i Eidsvik Skipsbyggeri. Han bad om utsetjing av saka for ein diskusjon om mogelege løysingar som på kort og lang sikt vil berga brannstasjonen i Uskedalen slik at ein kan oppretthalda den beredskap og dei samøvingar dei har hatt i lang tid.

Hvis ein kan vidareutvikla det samarbeidet som Eidsvik har i dag med branntroppen her vil dette også styrka brannvernet i Uskedalen og i heile kommunen. Skipsbyggeriet sitt industrivern har stutt utrykningstid på dagtid og kan vera ein god støttespelar til det kommunale brannvern, held Eidsvik fram.

Han peika på at ei nedleggjing av brannstasjonen vil medføra ein svekka førsteinnsats ved skipsbyggeriet og at dette i verste fall kan medføra tap av liv og helse. Eidsvik har eige industrivern med røykdykkarar og førstehjelparar som tar førsteinnsats, men bedrifta vil i stor grad ha behov for rask hjelp frå andre brann- og redningsetatar.

Eidsvik har hatt eit godt og langt smarbeid med branntroppen og dei har hatt felles øvingar med tanke på brann og eksplosjonar i nybygga. Dette gjer at branntroppen er godt kjent med tilkoplingspunkt og utstyr. Men kanskje mest viktig er treninga i å ta seg inn i eit røykfylt skip.

Av Ola Matti Mathisen